

Øystre Slidre kommune

Dykkar ref.:

Vår ref.:

ROGAST - 16/5450

Arkiv:

033,

Vår dato:

15.09.2016

Protokoll frå møte i eldrerådet den 05.09.16 kl 10.00 - 12.00

Til stades: Torleiv Sigurd Hovi, Gunnar Berg, Solveig Rydland, Edgar Linn, Marit Synnøve Opheim Østli.

Andre: Kjell Berge Melbybråten og Steinar Nybråten (sak 24 og 25)
Astrid Rogne (sekretær)

Sak 21/16 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak:

Innkalling og saksliste vart einstemmig godkjent.

Sak 22/16 Godkjenning og underskrift av protokoll frå 23.05.16

Vedtak:

Protokollen vart einstemmig godkjent. Marit Synnøve og Gunnar vart valde til å underskrive protokollen.

Sak 23/16 Referat frå regionalt møte i eldreråda i Valdres

Vedtak:

Referatet vart teke til orientering.

Sak 24/16 Orientering om revisjon av arealplan og politisk prosess fram til vedtak i kommunestyret v/ordførar. (Presentasjonen er vedlagt referatet)

- Den 22.09.16 blir det sak i kommunestyret om plassering av omsorgssenter. Viktig at eldrerådet engasjerar seg.

Vedtak:

Eldrerådet vedtok å gje fylgjande uttale om plassering av omsorgstun til kommunestyremøte den 22.09.16: (uttale er vedlagt referatet)

«Eldrerådet syner til uttale frå møte den 29.03.16 om Sentrumsplan med mulighetsanalyse for plassering av omsorgssenter og står fortsatt på det vedtaket.»

**Sak 25/16 Orientering om budsjettprosessen 2017 v/Ordførar og kommunalsjef
Steinar Nybråten.** (presentasjon frå ordførar er vedlagt)

- Eldrerådet blir invitert til formannskapet den 06.10.16 (Ordførar)
- Festus: Kommunestyret har bevilga kr 400.000,- til ny Festus. Det er moglegheit for tilleggsfinansiering gjennom fond som IHT disponerer. Pengar til Festus er difor ikkje med på budsjettforslaget no. Steinar og Svein Oddvar er i gang med å sjekke markedet for ny bil. Ein tek sikte på å ta ei avgjerd i løpet av 1 til 2 månader. (Steinar N.)

Vedtak:

Pensjonistane i eldrerådet skal i møte den 19.09.16 koma med innspel til uttale om budsjettet 2017 (generelt om budsjettet og spesielt i forhold til helse- og omsorgsplanen) og sender dette på mail til alle representantane i eldrerådet i god tid før møtet den 06.10.16 med formannskapet.

Sak 26/16 Program for eldredagen 26.09.16

Leiaren la fram forslag til program

Vedtak:

Det vart semje om det forslaget som leiaren la fram.

Det er kome invitasjon til konferanse for kommunale eldreråd den 6. og 7. oktober.
Påmeldingsfrist er den 20.09.16. Meld frå til Astrid om du vil vera med.

Dato:.....

.....